



Frå starten i Sparløpet i mars.

**Kvinnherad-karusellen i terrengløp hadde sit første løp 10.april i Herøysundet. Komande torsdag er det klart for løp her i bygda med Uskedal idrettslag som arrangør. Oppmøte er på Sandakaaien, og starttidspunktet er kl. 18. Vermeldingane er svært lovande, og det bør difor verte godt oppmøte både av deltakarar og publikum.**

Under Sparløpet i mars var det svært god deltaking, særleg frå Uskedalen, og flott stemning trass i litt trist ver. I det første løpet i terrengkarusellen i Herøysundet deltok 21 løparar frå Uskedalen. Det bør ligge an til endå fleire i dette løpet.

Med Sandakaaien som startplass, og løyper sentralt i bygda, ligg det til rette for ein flott dag med spennande aktivitet i bygda. Påmeldingsfristen er 23.april kl.18, og påmelding skjer via ein link som de finn på Uskedal idrettslag si heimeside ved å klikke [her](#).

Vi håpar det vert ein stemningsfull torsdagskveld med godt oppmøte både av deltakarar og publikum.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Ola Matti Mathisen.